



Vår dato:

13.09.2021

Vår ref:

2021/9677

Dykkar dato:

23.06.2021

Dykkar ref:

21/41

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

U. off.: offl. § 13, jf. fvl. § 13 første ledd nr. 1

Fordeling av skjønnsmidlar til kommunane for 2022

Fordeling av skjønnsmidlane

Vi viser til brev datert 23. juni 2021 og tildelt skjønnsramme for Vestland. For kommunane i Vestland har Statsforvaltaren fordelt ramma slik:

Kommunenr	Kommunenamn	Skjønn i 1000 kroner		endring
		2022	2021	
4601	Bergen	14 000	14 600	-600
4602	Kinn	11 400	11 400	-
4611	Etne	2 300	2 600	-300
4612	Sveio	2 800	2 800	-
4613	Bømlo	5 200	5 600	-400
4614	Stord	2 600	2 200	400
4615	Fitjar	3 000	3 000	-
4616	Tysnes	2 100	2 500	-400
4617	Kvinnherad	-	-	-
4618	Ullensvang	4 300	4 100	200
4619	Eid fjord	-	-	-
4620	Ulvik	-	-	-
4621	Voss	6 500	6 500	-
4622	Kvam	4 600	5 000	-400
4623	Samnanger	1 900	1 900	-
4624	Bjørnafjorden	5 500	5 500	-
4625	Austevoll	700	1 000	-300
4626	Øygarden	3 500	3 100	400
4627	Askøy	1 900	1 600	300
4628	Vaksdal	600	700	-100
4629	Modalen	-	-	-



Kommunenr	Kommunenamn	Skjønn i 1000 kroner		endring
		2022	2021	
4630	Osterøy	4 000	3 800	200
4631	Alver	7 000	7 000	-
4632	Austrheim	1 900	1 900	-
4633	Fedje	1 200	1 200	-
4634	Masfjorden	-	-	-
4635	Gulen	-	-	-
4636	Solund	1 400	1 400	-
4637	Hyllestad	1 300	1 300	-
4638	Høyanger	-	-	-
4639	Vik	-	-	-
4640	Sogndal	5 700	5 700	-
4641	Aurland	-	-	-
4642	Lærdal	-	-	-
4643	Årdal	-	-	-
4644	Luster	-	-	-
4645	Askvoll	1 100	1 200	-100
4646	Fjaler	1 500	1 500	-
4647	Sunnfjord	12 100	12 100	-
4648	Bremanger	-	-	-
4649	Stad	2 700	2 500	200
4650	Gloppen	1 500	800	700
4651	Stryn	700	500	200
Til fordeling i budsjettåret		30 000	30 000	-
SUM		145 000	145 000	-

Statsforvaltaren har i si vurdering nytta:

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt brev om fylkesvise skjønnsrammer med retningslinjer, datert 23.06.2021
- kommuneproposisjonen for 2022
- søknader/inngspel frå kommunane
- eigne vurderingar og overordna økonomiske analysar av den enkelte kommune.

Nasjonalt er basisramma for skjønnsmidlar til kommunane uendra samanlikna med 2021. Ramma til Vestland er 145 mill. kroner. Fordeling av skjønnsmidlar i 2020 var første året med ein samla prosess i Vestland, som vart vidareført i fordelinga for 2021. For at det ikkje skal bli for store endringar frå eitt år til neste, legg Statsforvaltaren opp til å bruke nokre år på ei slik heilskapleg fordeling mellom kommunane i «nye» Vestland.

Fordeling av ramma mellom ulike typar skjønnsmidlar

Statsforvaltaren har gjort ei overordna fordeling av skjønnsmidlane mellom ordinært skjønn i statsbudsjettet, fornyings- og innovasjonsprosjekt og til fordeling i budsjettåret:



tal i 1000 kr	2022
Ordinære gjennom statsbudsjettet	115 000
Fornyings- og innovasjonsprosjekt	15 000
Midlar til fordeling i budsjettåret	15 000
Sum	145 000

Midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt og fordeling i budsjettåret er førebelse rammer, og det kan i budsjettåret verte endringar mellom desse rammene. Ramma for midlar til fordeling i budsjettåret er på same nivå som i 2021. Informasjon om midlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt er lagt ut på vår nettside og sendt brev til kommunane, med søknadsfrist 1. november 2021.

Retningslinjer og omsyn som er lagt til grunn i fordelinga

I brevet frå departementet til statsforvaltarane er det presisert at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er varetekne godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar, og bidra til utvikling og fornying i kommunane. Skjønnssramma skal også vareta behov som kan oppstå i løpet av året. Statsforvaltaren skal gjere ei heilskapleg vurdering av kommunanes økonomi og behov for skjønnsmidlar. Skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar.

I tillegg til nemnde overordna retningslinjer frå departementet har Statsforvaltaren vurdert følgjande omsyn saman med den skjønnsmessige vurderinga:

- Kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift

Ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift (DAA) vart innført i 2004. I 2007 var det gjennomført ein revisjon av ordninga, og mange av kommunane fekk etter dette redusert avgiftssats. Etter revisjonen fall kompensasjonen med skjønnsmidlar bort for kommunar som fekk redusert avgiftssats. Men i Vestland har seks kommunar framleis full eller delvis ein høgare avgiftssats (14,1 % etter sone 1a). Dette gjeld tidlegare Flora i Kinn kommune, Etne, Bømlo, Kvam, gamle Sogndal i Sogndal kommune og tidlegare Førde i Sunnfjord kommune. Ordninga er under revisjon, og planen er at endra inndeling av avgiftssonar skal gjelde frå 2022. Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift var fram til 2014 skilt ut som eige beløp i skjønnssramma frå departementet. Frå 2015 vart kompensasjonen lagt inn i basisramma, og dermed ikkje synleg som eige beløp. Statsforvaltaren har likevel valt å bruke auka sats for arbeidsgjevaravgift som eit kriterium for skjønnsmidlar, men gjennom ei årleg nedtrapping på 10 prosent frå 2015/2016 til 2023. Etter brevet frå departementet om skjønnsmidlar for 2022, bør kompensasjonen no raskt trappast ned. Kompensasjonen er teke ut av retningslinjene. Vi har etter dette valt at 2022 blir siste året at kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift blir med i omsyna/kriteria i fordeling av skjønnsmidlar. Nedtrappinga i 2022 blir gjort etter ei heilskapleg vurdering av økonomien til den enkelte kommune. Dette er nærmare omtalt under dei kommunane som har fått kompensasjon for høgare avgiftssats.

- Sosiale kriterium

- kommunar som har særlege utfordringar innan helse og sosial
 - det er oppretta ei eiga sentral tilskotsordning for små kommunar som har høge eigendelar knytte til ressurskrevjande tenester, og omtalen av skjønnsmidlar frå



- fylkesramma er teke ut av retningslinjene til departementet. Vi har likevel valt å ta omsyn til høg eigendel til ressurskrevjande tenester i ei samla vurdering
- - frå 2022 får kommunane auka finansieringsansvar for barnevernstiltak, og delar av midlane som blir tilført kommunane til reforma blir fordelt i statsbudsjettet frå 2022. Reforma kan få større økonomiske verknader for enkelte kommunar, og vi kjem tilbake til ev. kompensasjon gjennom skjønnsmidlar i budsjettåret.
 - Kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon (Robek-kommunar, men og andre)
 - Kommunane sitt utgiftsbehov (vurdert opp mot utgiftsutjamninga i inntektssystemet)
 - spreidd busetnad
 - utgifter knytte opp til å vere eit senter i regionen
 - andre særlege utgifter som kan vere utfordrande for kommunen.
 - Midlertidige behov
 - Samla vurdering
 - heilskapleg vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon
 - utvikling av folketalet over tid (reduksjon i folketalet krev omstillingar/tilpassingar etter reduserte inntektsoverføringer)
 - frie inntekter i 2020 korrigerte for variasjon i utgiftsbehov (ser på utgifts- og inntektssida samla, som viser om kommunen er betre/dårlegare finansiert enn gjennomsnittet (100) ut i frå utgiftsbehovet)
 - høge inntekter, t.d. frå kraftverksemder og Havbruksfondet
 - tildelinga skal vere føreseileg frå år til år (t.d. ei nedtrapping skjer over tid), og her har vi teke med i vurderingane at kommunane framleis er inne i tid med korona-pandemien.

Vurdering av kvar kommune i tildelinga

Under følgjer informasjon om ei overordna vurdering for kvar kommune som ligg til grunn for tildeling av ordinære skjønnsmidlar.

4601 Bergen

Dei store byane har særleg store levekårsutfordringar, for ein stor del knytte til rusmisbruk og psykiske lidinger. Utgiftene til sosialhjelp er høge. Kommunen har vist til at inntektssystemet ikkje i tilstrekkeleg grad fangar opp at desse utgiftene er særleg høge for ein storby som Bergen enn gjennomsnittet for kommunane. Dei faktiske utgiftene i 2020 til sosialsektoren var vesentleg høgare enn det berekna utgiftsbehovet til sektoren i inntektssystemet. Kommunen gjennomfører fleire tiltak mot rusmisbruk, blant anna etablering av fleire nye mottaks- og oppfølgings-sentre (MO-sentre). Det er ei prioritert oppgåve å betre oppvekstvilkåra for barn og unge i områda som har særleg store levekårsutfordringar. Dette arbeidet er i stor grad knytt til skule og utdanning, i tillegg til nærmiljø og byutvikling. Det er planlagt etablering av fleire nye bustader til særleg vanskeleg stilte grupper. Fri inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 99 prosent av landsgjennomsnittet (100). Bergen kommune har god overordna økonomi, disposisjonsfond samanlikna med driftsinntektene ligg over landsgjennomsnittet og lånegjelda ligg ein god del under gjennomsnittet for landet (men her må ta omsyn til at ein stor del av verksemda er organisert utanfor kommunen, t.d. mange private barnehagar). Etter ei samla vurdering der det blir lagt vekt på behov etter overordna økonomi, er skjønnsmidlar redusert med kr 600 000, til 14 mill. kroner.

4602 Kinn

Samanlikna med landet har dei to tidlegare kommunane Flora og Vågsøy hatt svak folketalsutvikling dei seinare år, slik var det òg for Kinn i 2020. Kommunen har ekstra utgifter til klassar med



språkdeling (nynorsk-bokmål). Tidlegare Flora kommune har fått kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Etter retningslinjene frå departementet blir denne kompensasjonen fasa ut i 2022. Kinn blir kompensert med 4,2 mill. kroner i 2022, mot 6,3 mill. i 2021. Men nedtrappinga er vurdert opp mot at Kinn er ein ny kommune som treng tid til å tilpasse tenestenivået etter nye føresetnader og rammevilkår. Kommunen får utbetalt midlar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 106 prosent av landsgjennomsnittet (100). Kinn kommune har svak økonomi, med disposisjonsfond som ligg under tilrådd norm og svært høg lånegjeld samanlikna med driftsinntektene. I samla vurdering er det lagt vekt på at kommunen får midlar frå Havbruksfondet, organisering av ny kommune med økonomiske utfordringar, nedtrapping av kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, spreidd busetnad og skyss av helsepersonell. Samla vurdering gjev uendra beløp i tildeling av skjønnsmidlar, 11,4 mill. kroner.

4611 Etne

Kommunen har i fleire år hatt negativ utvikling i folketaket. Kommunen har utfordringar med trafikksikring langs dei smale vegane i kommunen. Dei lange tunnelane langs E134 i Åkrafjorden fører til ekstra utgifter til brannberedskap. Til liks med mange andre kommunar har og Etne utfordringar med å rekruttere fagfolk, særleg sjukepleiarar. Etne har fått kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Etter retningslinjene frå departementet blir 2022 det siste året med kompensasjon. Etne blir kompensert med 0,9 mill. kroner i 2022, mot 1,4 mill. i 2021. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 105 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har eit tilfredsstillande stort disposisjonsfond og eit moderat gjeldsnivå. Etter redusert kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift og ei samla vurdering, blir skjønnsmidlane til Etne redusert med kr 300 000, til 2,3 mill. kroner.

4612 Sveio

Kommunen har hatt god folkevekst over ein lang periode, særleg stor er veksten i talet på barn i skulepliktig alder. Det er difor gjennomført større investeringar i skulesektoren. Utrekning etter rapportering for 2020 syner at kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Det er og sterkt auke i krevjande saker for barneverntenesta. Kommunen har mange vegar som er vurderte som trafikkfarlege. Det fører til store utgifter til skyss av skuleborn. Sveio har stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø, noko som krev høg beredskap. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 94 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har god overordna økonomi, med disposisjonsfond over landsgjennomsnittet og lånegjelda målt etter driftsinntektene er under landsgjennomsnittet. Samla vurdert gjev dette uendra skjønnsmidlar på 2,7 mill. kroner.

4613 Bømlo

Kommunen har over tid hatt eit stabilt folketal med noko vekst. Kommunen er ein tidlegare vertskommune for HVPU-reforma med relativt mange ressurskrevjande brukarar, og har difor høge utgifter knytte til ressurskrevjande tenester målt etter eigendel per innbyggjar. Bømlo har fått kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Etter retningslinjene frå departementet blir 2022 det siste året med kompensasjon. Bømlo blir kompensert med 2,5 mill. kroner i 2022, mot 3,7 mill. i 2021. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 99 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Kommunen har middels/god overordna økonomi, med tilfredsstillande frie driftsfond og lånegjelda målt etter driftsinntektene ligg under landsgjennomsnittet. Etter nedtrapping av kompensasjonen for høgare arbeidsgjevaravgift saman med ei samla vurdering, er skjønnsmidlane til kommunen redusert med kr 400 000, til 5,2 mill. kroner.



4614 Stord

Kommunen har over tid hatt eit stabilt folketal, men utviklinga er vesentleg under landsgjennomsnittet. Kommunen er eit regionsenter i Sunnhordland og har mange gjestearbeidarar og studentar. Det er også relativt mange personar med særlege sosiale utfordringar som kjem til kommunen, og han har etter det høge utgifter knytte til rusomsorg. Utgiftene innafor barneverntenesta og psykiatri er aukande. Fleire psykisk utviklingshemma, som ikkje lenger kjem inn under den øyremerkte tilskots-ordninga, får auka behov for kommunale tenester som følgje av høg alder og sjukdom. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 95 prosent av landsgjennomsnittet. Kommunen har svak økonomi med relativt lågt disposisjonsfond og høg lånegjeld. Etter ei samla vurdering av særlege utfordringar innafor sosiale tenester og svak overordna økonomi blir skjønnsmidlane auka med kr 400 000, til 2,6 mill. kroner.

4615 Fitjar

Kommunen har over lengre tid hatt ei stabil folketalsutvikling, men i dei siste par åra har det vore nedgang i folketalet. Denne utviklinga medførte at småkommunetilskotet fall bort i 2020 men er tilbake frå og med 2021 (50 prosent av fullt tilskot basert på distriktsindeksen). Kommunen har i dei siste åra fått eigedomsskatteinntekter som følgje av utbygginga av vindmøller. Utrekning etter rapportering for 2020 syner at kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Til liks med mange andre kommunar har også Fitjar utfordringar med å rekruttere fagfolk, særleg legar. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 106 prosent av landsgjennomsnittet (100). Samla vurdering gjev uendra skjønnsmidlar, 3 mill. kroner som i 2021.

4616 Tysnes

Kommunen har hatt eit stabilt folketal med god vekst frå 2019. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 113 prosent av landsgjennomsnittet (100). Det høge inntektsnivået har samanheng med stor utbetaling i 2020 frå Havbruksfondet. Etter driftsinntektene har kommunen eit høgt disposisjonsfond samanlikna landsgjennomsnittet og eit moderat gjeldsnivå. Samla vurdering gjev ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 400 000, til 2,1 mill. kroner.

4617 Kvinnherad

Kvinnherad har hatt svak folketalsutvikling i dei seinare år. Kommunen har mange brukarar under ressurskrevjande tenester, og såleis høg eigenfinansiering etter folketalet. Kommunen har høge inntekter frå vasskraftanlegg og utbetalingar frå Havbruksfondet. Dette gjev seg utslag i frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov, som i 2020 var på 114 mot landsgjennomsnittet på 100. Med bakgrunn av høge inntekter får ikke kommunen skjønnstilskot.

4618 Ullensvang

Det har over lang tid vore ei negativ utvikling i folketalet i denne regionen, særleg i dei tidlegare kommunane Odda og gamle Ullensvang. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 141 prosent av landsgjennomsnittet (100). Det høge inntektsnivået kjem av høge inntekter frå eigedomsskatt (kraftanlegg), naturressursskatt og andre kraftinntekter. Kommunen har også utbetalingar frå Havbruksfondet. Sjølv med dei høge inntektene, har kommunen store utfordringar med driftsbalansen. Netto driftsresultat i 2020 var svakt og kommunen har liten driftsreserve med lågt disposisjonsfond. Lånegjeld er moderat samanlikna med landsgjennomsnittet. Organisering av den nye kommunen har vore utfordrande, og i ein overgang til ein ny kommune blir skjønnsmidlane auka med kr 200 000, til 4,3 mill. kroner.



4619 Eidfjord

Eidfjord har over tid hatt nedgang i folketalet. Kommunen har høge kraftinntekter, som forklarar at frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 224 av landsgjennomsnittet (100). Kommunen får ikkje skjønnsmidlar på grunn av høge inntekter.

4620 Ulvik

Ulvik har hatt ei svak folketalsutvikling over tid. Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag med inntekter frå vasskraft. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 120, mot landssnittet på 100. Kommunen har tilfredsstillande disposisjonsfond og etter driftsinntektene ei moderat lånegjeld samanlikna med landsgjennomsnittet. Kommunen melder om ekstraordinære høge utgifter til barnevern, kjøp av institusjonsplassar og spesialpedagogikk til barn med særskilte behov. Kommunen får ikkje ordinære skjønnsmidlar, men Statsforvaltaren vil følgje med på utviklinga av dei nemnde ekstra utgifter fram til fordelinga av restskjønnsmidlar hausten 2021.

4621 Voss

Voss har over tid hatt ei positiv folketalsutvikling. Kommunen har fått auka utgifter til barnevern og ekstra ressursar til spesialpedagogisk støtte i skule og barnehage. Reduksjon i tal flyktninger fører til redusert integreringstilskot, men kommunen må likevel oppretthalde sosial stønad, fordi det tek tid å få flyktningar i arbeid. Kommunen har mykje communal veg per innbyggjar, og med endringar i klimaet fører det til auka vedlikehaldsutgifter. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 101 prosent av landsgjennomsnittet (100). Etter driftsinntektene har Voss eit lågt disposisjonsfond og ei moderat lånegjeld samanlikna med landsgjennomsnittet. Etter ei samla vurdering og at Voss er ein «ny» kommune, blir skjønnsmidlane uendra samanlikna med 2021, 6,5 mill. kroner.

4622 Kvam

Kommunen har over tid hatt eit stabilt folketal, men svakare utvikling enn landsgjennomsnittet. Utrekningar frå 2020-rapportering syner at kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar. Kommunen har ein utfordrande topografi med fleire risikoområde for flaum og ras. Kvam har fått kompensasjon for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Etter retningslinjene frå departementet blir 2022 det siste året med kompensasjon. Kvam blir kompensert med 2,5 mill. kroner i 2022, mot 3,7 mill. i 2021. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 116 prosent av landsgjennomsnittet (100). Relativt høgt inntektsnivå kjem frå eigedomsskatt og utbetalingar frå Havbruksfondet. Etter driftsinntektene har Kvam tilfredsstillande disposisjonsfond, men under landsgjennomsnittet. Større investeringar dei seinare åra, har ført til ei svært høg lånegjeld. Kommunen har store utfordringar med å få til balanse i drifta. Etter nedtrapping av kompensasjon for arbeidsgjevaravgift og ei samla vurdering av høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester og ein stram overordna økonomi, trass høge inntekter, blir skjønnsmidlane reduserte med kr 400 000 til 4,6 mill. kroner.

4623 Samnanger

Kommunen har hatt positiv folketalsutvikling dei siste fem åra, men likevel noko under landsgjennomsnittet. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 109, mot landsgjennomsnittet 100. Samla sett har kommunen ein middels økonomi, med disposisjonsfond under tilrådd norm og ei lånegjeld etter driftsinntektene under landsgjennomsnittet. Samla vurdert gjev dette uendra skjønnsmidlar på 1,9 mill. kroner.



4624 Bjørnafjorden

Samla (Fusa og Os) har den nye kommunen hatt god folketalsutvikling dei seinare åra. Kommunen er med i prosjektet statleg finansiering av omsorgstenester. Kommunen har meirutgifter til språkdeling (nynorsk-bokmål) i skulen. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov i 2020 var 94, mot landsgjennomsnittet på 100. Bjørnafjorden har høgt disposisjonsfond, men lånegjelda er høg samanlikna med driftsinntektene og gjennomsnittet for landet. Kommunen viser til at det er utfordrande å få balanse i drifta. Ei av årsak til dette er lokalisering av «doble» tenester både i tidlegare Fusa og Os, ettersom fjorden deler den nye kommunen. Kommunen gjennomfører prosjektet «Bjørnafjorden 22» med mål å spare inn 90 mill. kroner årleg. Samla vurdert får kommunen uendra med skjønnsmidlar i 2022, sum 5,5 mill. kroner.

4625 Austevoll

Austevoll har over fleire år hatt vekst i folketalet. Avstandar og kommunikasjonar tilseier at dei har ekstraordinære utgifter til beredskap og ambulansetransport til sjukehus. Strukturendringar i skulen har ført til ekstra skuleskyss for fleire elevar i båt. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 115, samanlikna med landsgjennomsnittet på 100. Dette kjem av høge skatteinntekter både frå inntekt og formue, og ei større utbetaling frå Havbruksfondet i 2020. Kommunen har god overordna økonomi med høgt disposisjonsfond. Lånegjelda samanlikna med inntektene ligg no under landsgjennomsnittet. Samla vurdering gjev ein reduksjon på kr 300 000, til 0,7 mill. kroner i skjønnsmidlar for 2022.

4626 Øygarden

Samla (Sund, Fjell og Øygarden) har den nye kommunen hatt god folketalsutvikling over fleire år. Olje- og gassindustri lokalisert i kommunen (tidlegare Øygarden kommune) bidreg til høg egedomsskatt. I tidlegare Fjell kommune var det ekstra kostnader til språkdeling som følgje av at mange foreldre vil ha bokmål for borna i skulen. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruk) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 100 prosent av landsgjennomsnittet (100). Den nye kommunen har liten driftsreserve med lågt disposisjonsfond og høg lånegjeld. Kommunen har utfordringar med driftsbalansen, og netto driftsresultat i budsjettet for i år er lik null. Kommunen hadde netto driftsunderskot i rekneskapen for 2020. Ei samla vurdering etter overgang til etablering av ein ny kommune og overordna økonomi, blir skjønnsmidlane auka med kr 400 000, til 3,5 mill. kroner.

4627 Askøy

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og har ei ung befolkningssamansetjing, men veksten i dei yngre aldersgruppene har flata ut dei siste åra. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftbehov er 90 prosent av landsgjennomsnittet (100). Samanlikna med driftsinntektene er frie driftsfond under landsgjennomsnittet og lånegjelda er svært høg etter fleire store investeringar dei seinare åra. Egedomsskatten vart teken bort i 2019, noko som har redusert inntektsgrunnlaget for å bere den høge gjelda. Kommunen har eit stort behov for utbygging innan sektor for vatn og avlaup. Statsforvaltaren har tidlegare i år gitt kommunen nye reviderte pålegg om utbygging innan vatn og avlaup. Nødvendige investeringar for å oppfylle krav er av eit betydeleg omfang. Det kan bli vanskeleg å dekke investeringane fullt ut gjennom gebyra til abonnentane. Samla vurdert dette ein auke i skjønnsmidlane på kr 300 000, til 1,9 mill. kroner.

4628 Vaksdal

Vaksdal har over tid hatt nedgang i folketalet. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og ligg difor over gjennomsnittet for landet på frie inntekter korrigert for variasjon i utgiftsbehov, 118 mot landsgjennomsnittet på 100 i 2020. Kommunen har høge utgifter knytt til geografi og topografi



(spreidd busetnad), der mange av vegane er utsette for ras. Dette fører til eit høgare beredskapsnivå enn det som skulle vere normalt etter storleik på kommunen. Etter driftsinntektene har kommunen eit høgt disposisjonsfond, og ei lånegjeld som ligg over landsgjennomsnittet. Samla vurdert gjev dette ein reduksjon i skjønnsmidlar på kr 100 000, til 0,6 mill. kroner.

4629 Modalen

Kommunen har høg naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 227. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar ut frå eit høgt inntektsgrunnlag.

4630 Osterøy

Kommunen har for dei seinare åra hatt eit stabilt folketal, men då ikkje teke del veksten for landet. Kommunen vart i 2020 innmeld i Robek-registeret etter ubalanse i økonomiplanen, og utmeld i etter at budsjett og økonomiplan for 2021–22 var vedteke i balanse. Rekneskapen for 2020 fekk eit underskot på 12 mill. kroner. Pandemien er årsaka til at dei ikkje har fått gjort dei innsparingane i einingane som dei hadde planlagt. Målt etter kommunestorleik (folketalet) har kommunen høg eigenfinansiering til ressurskrevjande tenester. Ein desentralisert struktur påfører kommunen ekstra utgifter til tenester, som t.d. heimetenester og skuleskyss. Samla sett har kommunen framleis ein utfordrande økonomi, og brukar disposisjonsfond til å dekkje inn underskotet. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 98 prosent av landsgjennomsnittet (100). Samanlikna med driftsinntektene er disposisjonsfondet lågt, og lånegjelda ligg under landsgjennomsnittet. Etter svak overordna økonomi blir skjønnsmidlane i 2022 auka med kr 200 000, til 4 mill. kroner.

4631 Alver

Samla (Meland, Radøy og Lindås) har den nye kommunen hatt god folketalsutvikling. Stor innflytting frå Bergen har ført til behov for språkdeling og ekstra klassar i skulen. Utrekning syner at den nye kommunen har høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester målt per innbyggjar, basert på rapportering for 2020. Kommunen har høge eigedomsskatteinntekter frå oljeraffineriet på Mongstad. Kommunen får midlar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 103 prosent av landsgjennomsnittet. Alver har høg lånegjeld, vesentleg over landsgjennomsnittet målt etter driftsinntekter. Nivået på disposisjonsfondet er på landsgjennomsnittet. I starten av ny kommune er det større utfordringar med driftsbalansen. Etter samla vurdering av overordna økonomi og økonomiske utfordringar ved overgangen til ny kommune, blir skjønnsmidlane uendra frå 2021 på 7 mill. kroner.

4632 Austrheim

Kommunen har hatt eit stabilt folketal over tid, med ein mindre nedgang dei siste to åra. Attståande meirforbruk frå tidlegare år vart dekt inn i rekneskapen for 2020. Kommunen er difor teken ut av Robek-registeret. Sjølv om kommunen ikkje lenger er i Robek, har kommunen ei stor utfordring med blant anna å byggje opp ein større driftsreserve. Kommunen sitt disposisjonsfond ved utgangen av 2020 var berre om lag 6,9 mill. kroner, eller 2,8 prosent av driftsinntektene mot landsgjennomsnittet på 11,7 prosent. Lånegjelda ligg ein del under landsgjennomsnittet. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 108 prosent av landsgjennomsnittet (100). Kommunen har utfordringar med å opparbeide ein betre og meir robust økonomi, og skjønnsmidlane blir oppretthalde frå 2021 på 1,9 mill. kroner.



4633 Fedje

Kommunen har over tid hatt ei negativ utvikling i folketalet. Nedgang på 30 personar siste året er mykje etter eit innbyggjartal på 521. Frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 128, mot eit landsgjennomsnitt på 100. Samanlikna med driftsinntektene har kommunen tilfredsstillande frie driftsfond og låg lånegjeld. Det er likevel små marginar og lite rom for store endringar. Opprettheld tildelinga frå 2021 på 1,2 mill. kroner.

4634 Masfjorden

Folketalsutviklinga har vore jamt negativ dei siste fem åra. Kommunen hadde 2020 høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og får i 2021 tilleggskompensasjon på 1,4 mill. kroner av sentrale skjønnsmidlar. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 140, mot landsgjennomsnittet på 100. Kommunen har såleis eit godt inntektsgrunnlag som følgje av skatt og avgifter frå kraftverksemد og havbruk, med låg lånegjeld og høgt disposisjonsfond samanlikna med driftsinntektene. Med bakgrunn i høge inntekter får ikkje kommunen skjønnstilskot.

4635 Gulen

Gulen har samanlikna med landet hatt ei svak folketalsutvikling dei seinare år. Kommunen har spreidd busetnad, og lange avstandar fører til auka utgifter for tenester til innbyggjarane. Etter innbyggjartal har kommunen høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester, og får i 2021 ein tilleggskompensasjon på 2,3 mill. kroner etter ei ny sentral ordning. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 137, mot landsgjennomsnittet på 100. Dette gjer m.a. at kommunen har hatt gode økonomiske resultat dei seinare åra, som har gjeve høge disposisjonsfond samanlikna med driftsinntektene. Etter driftsinntektene har kommunen låg langsiktig gjeld. Med bakgrunn i høge inntekter får ikkje kommunen skjønnstilskot.

4636 Solund

Etter ein periode med vekst i folketalet, har det vore nedgang dei to siste åra. Kommunen har fått høge utbetalingar frå Havbruksfondet, noko som har bidrige til å styrke kommunen si økonomiske stilling. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 150 prosent av landsgjennomsnittet (100). Den overordna økonomien er god, med eit relativt stort disposisjonsfond og ei lånegjeld under landsgjennomsnittet målt etter driftsinntektene. Men utbetalingane frå Havbruksfondet blir vesentleg lågare i 2021 samanlikna med 2020, og det er knytt noko usikkerheit til storleiken på framtidige utbetalingar. Solund får skjønnsmidlar på bakgrunn av spreidd busetnad, skyss av helsepersonell og utgifter til spesielle naturtypar som krev særleg oppfølging. Opprettheld tildelinga frå 2021 med 1,4 mill. kroner.

4637 Hyllestad

Kommunen har hatt større reduksjon i folketalsutvikling over tid, med ei utfordrande demografisk utvikling med lågt barnetal og fleire eldre. Omlegginga ved hjørnestearnsbedrifta Hayvard fører til lågare aktivitet, og derav ein større reduksjon i tilsette. Dette vil påverke kommunen framover. Økonomien til kommunen har blitt betre etter midlar frå Havbruksfondet, men kommunen har utfordringar med driftsbalanse, m.a. med høge utgifter til rekruttering innan helse. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 126, mot landsgjennomsnittet på 100. Etter driftsinntektene har kommunen tilfredsstillande disposisjonsfond og ei lånegjeld under landsgjennomsnittet. Etter samla vurdering er skjønnsmidlane uendra på 1,3 mill. kroner med grunnlag i ein vanskeleg økonomi over tid, spreidd busetnad, utfordringar innan helsetenester og svak folketalsutvikling.



4638 Høyanger

Kommunen har hatt nedgang i folketalet over fleire år. Kommunen har høge kraftinntekter og utbetalingar frå Havbruksfondet, som gjer at frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 153, mot landsgjennomsnittet på 100. Etter driftsinntektene har kommunen disposisjonsfond rett under landsgjennomsnittet og ei lånegjeld som ligg på landsgjennomsnittet. Med bakgrunn i høgt inntektsgrunnlag, får ikkje kommunen skjønnstilskot.

4639 Vik

Kommunen har over tid hatt nedgang i folketalet, og dei eldre aldersgruppene aukar mykje samanlikna med eit gjennomsnitt for landet. Kommunen har inntekter frå kraftverk. Utrekning etter rapportering for 2020 syner at kommunen har svært høg eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester. Kommunen har under 3200 innbyggjarar og vil bli omfatta av den nye tilleggskompensasjonen til mindre kommunar som har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Kompensasjon til kommunen er berekna til 0,5 mill. kroner for 2021. Som følgje av Terra-saka, var det nødvendig å utsetje vedlikehald og investeringar i mange år. Dette har gitt eit stort behov for nye investeringar. Fri inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 124 prosent av landsgjennomsnittet (100). Målt etter driftsinntektene har kommunen disposisjonsfond på landsgjennomsnittet og ei lånegjeld under gjennomsnittet. Men etter planlagde nye større investeringar, vil lånegjelda auke vesentleg dei nærmaste åra. Med bakgrunn av eit høgt inntektsgrunnlag får ikkje kommunen skjønnsmidlar.

4640 Sogndal

Samla (Balestrand, Leikanger og Sogndal) har den nye kommunen hatt ei folketalsutvikling over landsgjennomsnittet. Etter kommunestorleik har kommunen høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og derav høg eigenfinansiering. Tidlegare Sogndal har fått skjønnsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Etter retningslinjene frå departementet blir denne kompensasjonen fasa ut i 2022. Sogndal blir kompensert med 2 mill. kroner i 2022, mot 3,1 mill. i 2021. Fri inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for Sogndal 109 ,samanlikna med landsgjennomsnittet på 100. Den nye kommunen har ein inngang med bra overordna økonomi, med tilfredsstillande disposisjonsfond målt etter driftsinntektene og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet. Men kommunen må gjere større innsparinger i drifta for å skaffe balanse. Med bakgrunn i ei samla vurdering gjort ut frå etablering av ny kommune, kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift og utgifter til ressurskrevjande tenester er skjønnsmidlane vidareført på same nivå som i 2021, 5,7 mill. kroner.

4641 Aurland

Kommunen har uendra folketalsutvikling for dei seinare åra. Aurland har etter innbyggjartalet svært høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Høge kraftinntekter gjer at frie inntekter i 2020 korrigert for variasjonar i utgiftsbehovet ligg på 185, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Kommunen har god overordna økonomi med høge disposisjonsfond og låg lånegjeld. Med bakgrunn i høge inntekter, får ikkje kommunen skjønnstilskot.

4642 Lærdal

Kommunen har hatt nedgang i folketalet i løpet av dei siste fem åra. Lærdal har inntekter frå kraftverksemd, som bidreg til at frie inntekter i 2020 korrigert for variasjonar i utgiftsbehov ligg på 111, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Kommunen har ein overordna økonomi med tilfredsstillande frie driftsfond, men lågare enn landsgjennomsnittet, og ei lånegjeld på



landsgjennomsnittet etter driftsinntektene. Kommunen får ikkje tildeling av skjønnsmidlar ut frå inntektsgrunnlaget.

4643 Årdal

Kommunen har over lang tid hatt ein større reduksjon i folketalet. Etter innbyggjartalet har Årdal høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester. Kommunen har inntekter frå kraftverksemd, og derav frie inntekter i 2020 korrigert for variasjonar i utgiftsbehovet som ligg på 117, mot eit gjennomsnitt for landet på 100. Etter driftsinntektene har kommunen låge frie driftsfond og ei lånegjeld under landsgjennomsnittet. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar ut frå høgt inntektsgrunnlag.

4644 Luster

Kommunen har positiv folketalsutvikling. Luster har høge kraftinntekter, og derav frie inntekter (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 119 prosent av landsgjennomsnittet (100). Kommunen har god overordna økonomi med høge disposisjonsfond og ei lånegjeld som ligg under landsgjennomsnittet målt etter driftsinntektene. Kommunen får ikkje skjønnsmidlar ut frå eit høgt inntektsgrunnlag.

4645 Askvoll

Kommunen har hatt jamn nedgang i folketalet over tid. Etter kommunestorleik har kommunen høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og derav høg eigenfinansiering. Fri inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er 107 prosent av landsgjennomsnittet (100). Etter utbetalingar frå Havbruksfondet har kommunen disposisjonsfond målt etter driftsinntektene på landsgjennomsnittet, og lånegjelda er ein del lågare enn landsgjennomsnittet. Etter vurdering av overordna økonomi blir skjønnsmidlane redusert med kr 100 000, til 1,1 mill. kroner.

4646 Fjaler

Kommunen har hatt ein vekst i folketalet dei siste åra, men veksten er lågare enn gjennomsnittet for landet. Etter innbyggjartalet har kommunen høge utgifter til ressurskrevjande tenester, og får i 2021 kr 550 000 frå den nye tilleggskompensasjonen til mindre kommunar som har høge utgifter til ressurskrevjande tenester. Kommunen får utbetalingar frå Havbruksfondet, og frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 103, mot landsgjennomsnittet på 100. Fjaler har lågt disposisjonsfond som ligg under norma på 5 prosent av driftsinntektene, og høg lånegjeld som ligg over landsgjennomsnittet. Skjønnsmidlar er vidareført på same nivå som i 2021, 1,5 mill. kroner.

4647 Sunnfjord

Samla (Gaular, Jølster, Førde og Naustdal) har kommunen hatt positiv folketalsutvikling, men under landsgjennomsnittet. Etter kommunestorleik har kommunen utgifter til ressurskrevjande tenester over gjennomsnittet. Tidlegare Førde har fått skjønnsmidlar for høgare arbeidsgjevaravgift i sone 1a. Etter retningslinjene frå departementet blir denne kompensasjonen fasa ut i 2022. Sunnfjord blir kompensert med 3,2 mill. kroner i 2022, mot 4,9 mill. i 2021. Fri inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for Sunnfjord 102 prosent av landsgjennomsnittet (100). Kommunen har middels/svak overordna økonomi med disposisjonsfond målt etter driftsinntektene på om lag halvparten av landsgjennomsnittet, og ei lånegjeld som ligg over gjennomsnittet. Kommunen må gjere større innsparingar i drifta for å skaffe balanse. Etter ei samla vurdering med vekt på kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, etablering av ny kommune og utgifter til ressurskrevjande tenester, får kommunen skjønnsmidlar på same nivå som i 2021 med 12,1 mill. kroner.



4648 Bremanger

Kommunen har over tid hatt ein større nedgang i folketalet. Bremanger har vore Robek-kommune sidan 2008, og det akkumulert underskotet per 31.12.20 er på 9,3 mill. kroner. Kommunen har utfordringar med ubalanse i drifta, som å tilpasse skulestruktur etter behov og inntekter og ei usikker utvikling av verdiar på derivatavtalar. Kommunen har svært høge utgifter (eigendel) til ressurskrevjande tenester målt etter kommunestorleik. Kommunen har kraftinntekter og utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter (alt. inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehovet var i 2020 på 129, mot landsgjennomsnittet 100. Ettersom kommunen er i Robek, har han ikkje frie driftsfond og lånegjelda ligg mykje under landsgjennomsnittet. Som for tidlegare år får ikke kommunen skjønnsmidlar ut frå høgt inntektsgrunnlag.

4649 Stad

Kommunen har vekst i folketalet. Stad er ein langstrakt kommune som fører til ekstra utgifter i tenesteproduksjonen. I tillegg får den nye kommunen samanlikna med det dei to tidlegare kommunane fekk, redusert kompensasjon etter busetnadskriteria i inntektssystemet. Dette er i 2021 delvis kompensert gjennom ekstra skjønnsmidlar. Kommunen er vertskommune for særlege helsetenester til spesialisthelsetenesta i Helse Førde, og at dette fører dette til ekstra oppgåver og auka behov for tenester. Kommunen fekk i 2020 utbetalingar frå Havbruksfondet. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for Stad 101 prosent av landsgjennomsnittet (100). Målt etter driftsinntektene har Stad disposisjonsfond på landsgjennomsnittet, men lånegjelda ligg over gjennomsnittet. Etter ei samla vurdering og vekt på etablering av ny kommune blir skjønnsmidlane auka med kr 200 000, til 2,7 mill. kroner.

4650 Gloppen

Gloppen har hatt eit stabilt folketal over tid. Kommunen er innmeld i Robek-registeret med ein plan om å dekkje inn eit underskot på 5,7 mill. kroner innan 2023. Eigenfinansiering av ressurskrevjande tenester ligg over landsgjennomsnittet målt etter kommunestorleik. Frie inntekter (alt inkl. havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er på 100, som landsgjennomsnittet. Ettersom Gloppen er Robek-kommune har dei ikkje frie reserver i disposisjonsfond og lånegjelda er mykje over gjennomsnittet målt etter driftsinntektene. Etter ein svak overordna økonomi og ein plan for å dekkje inn underskot og styrke økonomien, blir skjønnsmidlane for 2022 auka opp med kr 700 000, til 1,5 mill. kroner.

4651 Stryn

Kommunen har over dei siste fem åra hatt nedgang i folketalet. Frie inntekter i 2020 (alt inkl. + havbruksmidlar) korrigert for variasjon i utgiftsbehov er for Stryn 95 prosent av landsgjennomsnittet (100). Målt etter driftsinntektene har kommunen disposisjonsfond på norma for tilfredsstillande frie driftsreserver, men om lag halvparten av det som er landsgjennomsnittet. Lånegjelda er lågare enn landsgjennomsnittet. Etter ei heilskapleg vurdering av overordna økonomi får kommunen tildelt skjønnsmidlar på 0,7 mill. kroner, ein auke på kr 200 000 frå 2021.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent